



Sigvald Eik i ei vant rolle – han resiterar prestens tale frå Peer Gynt i Bøkkerverkstaden. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er ein kulturhovding som får Kulturprisen for Kvinnherad for 2007 saman med Clara Skaala frå Rosendal. Sigvald Eik er 92 medan Clara Skaala er 87. Komite for oppvekst, kultur og idrett bestemte kven som skulle få prisen. Den vart ikkje utdelt for 2006.

Uskedelingen Sigvald Eik fylte 92 første nyttårsdag men er framleis vital. Då han var 90 skreiv Magne Fitjar i innsida.no at den årlege hjortejakta og gardsarbeidet nok hadde hjelpe han med å halda seg i form. Men like viktig meinte Fitjar det var at dei nysgjerrige auga til Sigvald aldri kviler, dei er stadig på jakt etter nye kjende som han kan slå av ein prat med.

Den formelle skulegangen til Sigvald var begrensa (folkehøgskule og jordbruksskule), men han har lært utruleg mykje i livets skule og har ein sjeldan evne til å formidla det til andre. Sigvald har dreve gard kombinert med strøjobbar for å fø kone og fem barn og seinare i livet fulltidsarbeid som kvalitetskontrollør ved SØRAL, der han arbeidde i 17 år.

I eit av mange intervju fortalde Sigvald om oppveksten prega av tronge tider og nødsarbeid.

– Men vi følte oss ikkje fattige for det var likt for dei aller fleste, sa han.

Ved krigsutbrotet i 1940 drog han til Valdres og var med i ei heftige kamphandlingane der, Han kapitulerte 30 april, men vart sluppe fri og kom attende til Uskedalen på sjølvaste nasjonaldagen. Sigvalds illegale innsats under krigen var mest å halda folk i skjul som tyskarane var på sporet etter og som med falsk identitet arbeidde som drenger på garden..

Sigvald har vore Venstremann heile livet og så seint som ved kommunevalet sist haust sto han på lista – som ankermann! Han har sete i formannskap, kommunestyre og skulestyret, har vore styremedlem i fylkespartiet til Venstre og var gjennom 20 år styreleiar for Sunnhordland Folkehøgskule. Skyting og friidrett har vore andre interesser for ikkje å nemna ungdomslaget og pensjonistforeininga til SØRAL. Han har også hatt tillitsverv i fleire andre lag.

Kulturprisvinnaren har også gjort ein stor innsats for Bygdetunet Rød både på førebuingstadiet fram til opninga i 1983 og etterpå.

Sigvald har vore svært aktiv som opplesar, talar, kåsør og kjøkemeister i mange familiære samkome.

Han vart enkjemann for åtte år sidan, men han har halde seg i aktivitet og ikkje vorte nokon einsam mann.

Kulturprisvinnaren har også poetiske evner, til dømes har han skreve song til Uskedalen der eitt av versa lyder slik. Det gøymer nok også mykje av Sigvald Eik sin livsfilosofi:

Vi gler oss over alt som er oss unt,
Kvar blom og blad og heimetunet lunt,
Det frø som veks og mognast kvart eit år
gjev skaparglede stor for den som sår!

Få har fortent kulturprisen for Kvinnherad i same grad som Sigvald Eik.

Tre frå Uskedalen har tidlegare fått prisen. Dei er Sigvalds bror Bjørgulv (1987), Margreta Dønhaug (1991) og Kristian Bringedal (1995).

Av Ola Matti Mathisen



Sigvald Eik (92) saman med sine søsken Einfrid Myklebust (88) og Bjørgulv Eik (75).